



Erasmus+ jobbskygging og observasjonsrapport

Sverige, Hässleholm

26. mars – 31. mars 2023

Innhold

Føremål og deltakere	3
Rapport frå bibliotekbesøk	2
1. Måndag 27. mars: Hässleholm bibliotek	2
1.1 Kort om Hässleholm Stadsbibliotek	2
1.2 Program for dagen	2
1.3 Læringsmål/observasjon	3
2. Tysdag 28. mars: Osby bibliotek	7
2.1 Kort om Osby bibliotek	7
2.2 Program for dagen	7
2.3 Læringsmål/observasjon	9
3. Onsdag 29. mars: Oxiebiblioteket (og Malmö Stadsbibliotek)	10
3.1 Kort om Oxiebiblioteket (og Malmö Stadsbibliotek)	10
3.2 Program for dagen	11
3.3 Læringsmål/observasjon	13
4. Torsdag 30. mars: Bromölla bibliotek	14
4.1 Kort om Bromölla bibliotek	14
4.2 Program for dagen	14
4.3 Læringsmål/observasjon	18

Føremål og deltakarar

Erasmus+ mobilitetsprosjekt for tilsette i bibliotek er ein del av Vestland fylkeskommune si satsing på å auke internasjonal kompetanse og vidareutvikle fagleg kompetanse gjennom internasjonal erfaringsutveksling.

Deltakar: Lenora Regine Skrede Gjerde frå Stord folkebibliotek

Eg reiste åleine på denne turen. Opphavleg var det barnebibliotekaren frå Stord folkebibliotek som skulle reise, men då ho ikkje kunne reise likevel, fekk eg tilbodet. I og med eg blei med i planlegga av turen på eit litt seinare tidspunkt, blei reisa og programmet under reisa prega av barnebibliotekarverksemda. Biblioteksjefen her på Stord og eg gjorde eit forsøk på å vinkle læringsmåla for turen litt meir mot mi arbeidserfaring som hovudsakleg er planlegging og gjennomføring av arrangement, digitale tenester, sosiale medium, i tillegg til generelt bibliotekarbeid.

Program

26. mars - Reisedag

27. mars - Hässleholm Stadsbibliotek

Fokus: Tilbodet til ungdom.

28. mars - Osby bibliotek

Fokus: Korleis jobbar dei med arrangement og korleis sprer dei nyheita om sine arrangement?

29. mars - Oxiebiblioteket (og Malmö Stadsbibliotek)

Fokus: Korleis jobbar dei med arrangement og korleis sprer dei nyheita om sine arrangement?

30. mars - Bromölla bibliotek

Fokus: Korleis jobbar dei med makerspace?

31. mars - Reisedag

Rapport frå bibliotekbesøk

1. Måndag 27. mars: Hässleholm bibliotek

1.1 Kort om Hässleholm Stadsbibliotek

Hässleholm er ein kommune i Skåne fylke med rundt 50 000 innbyggjarar. Folkebiblioteket inngår i eininga for kultur- og fritidsforvaltninga i Hässleholm kommune, og består av hovudbiblioteket i Hässleholm og seks filialar rundt om i kommunen:

- Bjärnum
- Hästveda – denne filialen er kombinert folke- og skulebibliotek
- Sösdala – denne filialen er kombinert folke- og skulebibliotek
- Tyringe
- Vinslöv
- Vittsjö

1.2 Program for dagen

Kl. 09:15: Oppmøte på biblioteket i Hässleholm og omvising

Eg møtte Evelina Estefors, som var min kontaktperson i Hässleholm, på biblioteket i Hässleholm kl. 09:15. Førmiddagen gjekk med på omvising av biblioteket, samt delar av kulturetaten. Fekk også ta del i fjernlåns-rutine på starten av dagen. Eg merka meg at dei ikkje har eit nasjonalt samarbeid (NBT/Norsk Bibliotektransport), slik som me har her i Noreg der biblioteka kan sende materiale seg i mellom. Men dei hadde eit regionalt samarbeid med fleire andre bibliotek i Skåne.

Kl. 11:30 – 12:15: Lunsj

Kl. 12:15 – 14:30

Blei sittande på kontoret til Evelina og snakka om biblioteka våre, visste bilete o.l. Fekk også ein del brosjyrar og plandokument som eg kunne ta med meg heim.

Kl. 14:30: Kaffepause

Kl. 14:45 – 15:45: Observasjon av skranke rutinar i barneavdelinga

Observering av skranke rutinar/skrankevakt i barneavdelinga. Her la eg merke til at dei ikkje har utlån/innlevering i skranken. Skranken var kunn for informasjon, all innlevering og utlån skjer ved automatane.

1.3 Læringsmål/observasjon

Fokus: Tilbodet til ungdom.

1.3.1 Prosjekt: Barn- og ungdomsavdelinga 2019 – 2021

Hässleholm bibliotek har i perioden 2019 – 2021 arbeida med å fornye barn- ungdomsavdelinga. Dei fekk eit bidrag på 850.000 SEK frå Statens kulturråd og har blant anna kjøpt inn nytt eller gitt nytt liv til inventar (berekraft har vort eit fokusområde i heile prosessen), flytta på inventar for at flyten gjennom avdelinga skal verte betre, valt fargar som er lune, mjuke og innbydande. Dei har også jobba med akustikken i rommet og universell utforming. Det blei blant anna brukt lydempande stoff og plater for å dempe lydnivået i bibliotekrommet.

Under kan du sjå to bilde tatt i frå andre etasje som viser barneavdelinga og ungdomsavdelinga.



Bilde 1 – Barneavdelinga.



Bilde 2 – Ungdomsavdelinga, og bakover i bilde kan ein sjå litt av vaksenavdelinga.

Gjennom heile arbeidsprosessen har brukarmedverking vert veldig viktig. Covid-19 gjorde dette litt vanskelegare då dei måtte stenge biblioteket i ei periode. Fram til nedstenginga arbeida dei med å få direkte respons frå brukarar, både barn, ungdommar og vaksne. Samtidig som Covid-19 satt sine grenser for denne brukarmedverkinga, opna også nedstenginga opp for at dei tilsette hadde meir tid til dette prosjektet utan å måtte tenke på konsekvensane av å stenge av deler av biblioteket, eller heile biblioteket.



Bilde 3 - Faktahylle på barneavdelinga. Trekt over ryggen på hylla er eit lyddepande stoff som har hjelpe med å dempe lyden i heile biblioteket.



Bilde 4 – Utstillingshylle forma som tog. Dei raude lampane er laga med lyddepande stoff kan du sjå her øvst i bildet.



Bilde 3 - I småbarnsavdelinga (til høgre) har dei laga eit slott der Hovdala slott i Hässleholm har vore inspirasjonskjelda.

Gjennom heile arbeidsprosessen har dei vektlagt *brukarane sine behov og ønskjer, berekraft og tilgjengelegheit*. Dette for å best mogleg skape ein møteplass som er *trygg, tilgjengeleg og inkluderande*.

I 2022 blei det gjennomført ei undersøking av biblioteket/bibliotekrommet med fokus på universell utforming. Det blei gjennomført ei synfaringa av Begripsam AB, som etter synfaringa skreiv ein rapport. Begripsam AB har spisskompetanse innanfor psykiske og kognitive funksjonsnedsettingar. I rapporten blei det sett på ting som:

- Skilting (inne og ute)
- Fellesareal
- Skrankeområde
- Toalett
- Entre
- Trapper og heis
- Lyd
- Lys
- Rømmingsvegar/nødutgangar

2. Tysdag 28. mars: Osby bibliotek

2.1 Kort om Osby bibliotek

Biblioteket i Osby består av hovudbiblioteket i Osby, og to filialar:

- Lönsboda
- Killeberg - denne filialen er kombinert folke- og skulebibliotek

2.2 Program for dagen

09:00 – 11:45: Møte

Dagen starta på biblioteket i Hässleholm. Der fekk eg bli med på eit møte med barnebibliotekarar frå Snoka-biblioteka. Snoka er eit samarbeid mellom biblioteka i Skåne Nordøst. Snoka står for **Skåne NordØst K**Atalogen. Dette er bibliotek og filialar frå:

- Brömølla
- Hässleholm
- Hörby
- Kristianstad
- Osby
- Östra Göinge

På møte snakka barnebibliotekarane blant anna om sportslovet, påsklovet, Sommarboken, kompetanseutvikling, barnekonvensjonen. Til sist blei det også tatt opp nokon dilemma som dei tilsette i Hässleholm har møtt på i sin kvardag på biblioteket. Dette var ting som:

Kva kan ein gjere når ein vanskeleg brukar øydeleggjar bøker som dei ikkje likar (ofte bøker om sex, seksuell legning og liknande), eller klipper ned pride-flagg?

Kva kan ein gjere når ein brukar er kverulerande og nedsetjande mot både bibliotektilsette og andre brukarar av biblioteket?

Kva kan ein gjera når rusa personar, eller personar som lagar mykje støy eller er til sjenanse for dei tilsette og andre i biblioteket, oppheld seg på biblioteket?

11:50 – 12:30: Lunsj

12:40: Tog til Osby

Isebell Johnsson var ein av barnebibliotekarane som var med på møte og ho er biblioteksjef på Osby bibliotek. Etter lunsj tok Isebell og eg toget til Osby.

13:00 – 15:30: Besøk på Osby bibliotek

Byrja med ei omvising på biblioteket der eg fekk møte dei andre som jobba der. Etter omvising fortalde Isebell meg litt meir om Snoka-samarbeidet og om eit tilbod dei har til alle 6-åringane i kommunen:

Når barn fyller 6-år inviterer Osby bibliotek alle 6-åringane til biblioteket. Her får dei bli med på eit arrangement der dei får utdelt ei bok, eit tøynett og ein liten bamse (ei ugle) med biblioteket. Invitasjonen blir sendt ut til skulane. Vedlagt denne invitasjonen ligg også eit lånekort-skjema som lærarane kan gi til elevane slik at dei kan få eit lånekort når dei kjem til biblioteket om foreldra fyller ut skjema for dei.

Isebell fortalte meg også at dei har eit samarbeid med BVC (barnehelsetenesta) der dei møter barn i alder 0-6 år. Dette for å sikre at språk- og leseferdigheiter utviklar seg. Alle barn i kommunen får opptil tre bøker med biblioteket fram til dei fyller seks år.

15:30: Tog tilbake til Hässleholm



Bilde 5 - Barneavdelinga i Osby bibliotek

2.3 Læringsmål/observasjon

Fokus: Korleis jobbar dei med arrangement og korleis delar dei nyheita om sine arrangement?

Barn og unge er ei prioritert målgruppe for Osby bibliotek. Dei har lesefremjande aktivitetar og arrangement som eventyrstund for forskjellige aldersgrupper (7-14 månader, 1-3 år og 4-5 år), treff for alle 6-åringar i kommunen og boksirkel for ungdom. Dei har som mål å ha aktivitetar og arrangement på biblioteket som aukar leselyst og kreativitet blant barn og unge.

Informasjon om opne arrangementa ligg tilgjengeleg på nettstaden/heimesida til Osby bibliotek. Dei brukar ikkje Facebook så aktivt lenger, men dei brukar Instagram.

Lukka arrangement sender dei ut invitasjonar til, som til dømast skuleklasser.

Det finns også ein felles kulturkatalog (<https://www.osby.se/se-gora/kultur.html>) der det meste av kulturprogrammet for heile Osby kommune blir lagt ut, inkludert dei faste arrangementa til biblioteket. Denne katalogen blir gitt ut tre gongar i året: vår, sommar og haust.



Bilde 6 - Tavle med oversikt over arrangement og andre aktivitetar


3. Onsdag 29. mars: Oxiebiblioteket (og Malmö Stadsbibliotek)

3.1 Kort om Oxiebiblioteket (og Malmö Stadsbibliotek)

Oxiebiblioteket er eit av ni bibliotek i Malmö, og ligg midt i Oxie sentrum.



Bilde 7 - Barneavdelinga i Oxiebiblioteket



Bilde 8 - Malmö Stadsbibliotek

3.2 Program for dagen

Kl. 09:30: Oppmøte på Hässleholm bibliotek

Dagen byrja kl. 09:30 på Hässleholm bibliotek. Her var det kunst-workshop fram til kl. 10:00. Hässleholm bibliotek har vore med på eit prosjekt der dei har invitert fleire grupper med barn som er rørslehemma eller har andre spesielle behov til å komme å male eit maleri med tema haust, vår, vinter eller sommar. Desse skal dei ramme inn og stille ut. Dei har også dokumentert denne prosessen med å filme.

Kl. 10:20: Tog til Malmö

Evelina og eg tok deretter toget frå Hässleholm til Oxievång i Malmö.

Kl. 12:30: Lunsj

Kl. 13:00 – 14:00: Omvising

Her fekk Evelina og eg møte alle som jobba på biblioteket og me fekk ei fin omvising.

Kl. 14:00 – 15:30: Workshop (for tilsette i biblioteket)

Her hadde nokon andre aktørar i samarbeid med ein tilsett på Oxiebiblioteket laga til eit taktilrom/sanserom i biblioteket. Eg trur dette var eit forsøk på å lage eit rom som skal passe for alle, men spesielt for neurodivergente personar som prosesserer verda på ein anna måte enn neurotypiske personar. I dette rommet var lyset skrudd ned og vindauga var dekt for. Ein kunstnar hadde laga forskjellige interaktive kunstverk som me kunne ta og føle på, eller som laga forskjellige lydar.

Me fekk beskjed om å ta av oss på beina når me gjekk inn og berre gjere det me følte for å gjere. Det var kunstverk av pinnar som høyrtest ut som bølgesus når du drog handa gjennom dei, ein stor sakkosekk, tunge og lette puter med forskjellig innmat, lys som skifta farge eller blei sterkare eller svakare, ei skål fylt med masse pinnar, ein liten ball og mykje meir. Alt var designa for å lage lyd eller ha ei spesiell overflate du kunne kjenne på.

Det var veldig rart i starten å vere i eit rom med rundt 10-12 andre vaksne menneske utan å seia eit ord til kvarandre. Me satt stille eller gjekk rundt for å kjenne på ting eller høyre kva lydar dei lagde. Nokon byrja å vifte med tøy i lufta for å lage bølger, lage lydar med pinnar eller kaste ein liten ball i lufta. Eg visste ikkje heilt kva eg skulle gjere av meg i starten, men etter 5-10 minutt blei det ikkje så rart lenger, det var veldig behageleg, litt som å meditere. Me byrja å gjere ting saman, utan å seie eit ord til kvarandre. Når ein person til dømast slo nokon pinnar saman så svarte ein anna med å lage ein anna lyd.

Kl. 16:00: Tog til Malmö sentrum

Kl. 16:15 – 17:30: Malmö Stadsbibliotek

Sjefen på Oxiebiblioteket, Annika Withycombe, blei med Evelina og meg til Malmö sentrum. Ho hadde fått ordna eit besøk på Malmö Stadsbibliotek til oss. Dette besøket var planlagt tidlegare, men Evelina hadde fått beskjed om at det ikkje skulle besøke Malmö Stadsbibliotek. Det var difor veldig flott å få komme dit alikevel og me fekk ei veldig flott omvising på barneavdelinga, deretter gjekk Evelina og eg å kika på resten av biblioteket sjølve.

Kl. 17:58: Tog tilbake til Hässleholm



Bilde 9 - Delar av barneavdelinga i Malmö Stadsbibliotek



Bilde 10 - Ei fin oversikt over heile barneavdelinga i Malmö Stadsbibliotek.

3.3 Læringsmål/observasjon

Fokus: Korleis jobbar dei med arrangement og korleis delar dei nyheita om sine arrangement?

Oxiebiblioteket gjer det veldig likt som Osby bibliotek, men er meir aktive på Facebook-sida si og leggjar ut arrangementa sine her, i motsetning til Osby som er mest aktive på Instagram. Det finns ein felles arrangementskalender for alle biblioteka i Malmö i tillegg til andre aktørar i kommunen (<https://evenemang.malmo.se/en>). Dei er også aktive på Instagram.



Bilde 11 - Informasjonstavle/vegg på Oxiebiblioteket. I Sverige arbeidar dei med å få ei informasjonstavle/vegg som er heilt like på alle bibliotek.



Bilde 12 - Her er same informasjonstavle/vegg i Malmö Stadsbibliotek.

4. Torsdag 30. mars: Bromölla bibliotek

4.1 Kort om Bromölla bibliotek

Bromölla bibliotek består av hovudbiblioteket i Bromölla og bibliotekfilialen Näsrum. Filialen er kombinert skule- og folkebibliotek. Hovudbiblioteket har i tillegg til vanlig drift av biblioteket oppgåver innanfor turistinformasjon.

4.2 Program for dagen

Kl. 09:00: Oppmøte på Hässleholm bibliotek

Møtte Evelina på biblioteket i Hässleholm. Ho gjekk saman med meg til togstasjonen. Derifrå tok eg tog til Bromölla.

Kl. 10:45: Bromölla bibliotek

På grunn av forseinkingar med toget kom eg 20 min seinare enn planlagt, men var framme på Bromölla bibliotek rundt kl 10:45. Her møtte eg kulturpedagog Caroline Graneheim og fekk ei flott omvising av ho. Fekk også møte fleire andre som var på jobb, både i kulturetaten og på biblioteket, samt fekk eg litt informasjon om arrangement. Det skulle vere ei eventyrstund frå 10:00-11:00 som eg kunne bli med på, men det møtte ikkje opp nokon så det blei ikkje noko av.

Kl. 11:45: Lunsj

Kl. 12:50-13:45

Det var planlagt eg skulle ta 14:00 toget tilbake igjen og siste tida på Bromölla bibliotek blei brukt til å snakke meir om våre bibliotek, der kulturpedagog Caroline Graneheim og eg spurte kvarandre om ting og tang.

Dette var eit litt kortare besøk enn dei andre. Eg skulle eigentleg møte ein bibliotekar, men ho hadde ikkje anledning, så då stilte kulturpedagog Caroline Graneheim opp i staden.

Kl. 14:00: Tog tilbake til Hässleholm

Kl. 15:00-16:00: Hässleholm bibliotek

Eg reiste tilbake til Hässleholm og møtte Evelina på biblioteket igjen. Siste delen av dagen her fekk eg møte og snakke med ei som jobba med skulebibliotek.

Hässleholm har ei eiga samling (som ikkje er ein del av den vanlig samlinga til utlån for alle) som er kunn for skulane. Her er det fakta og skjønnlitteratur, klassesett og til og med fagbøker til lærarar. Dei lagar bokkasser til skulane og køyrar dei ut til skulane (dei har ein vaktmeister som køyrar for dei).

Skolbibliotekscentralen (SBC) är placerad på Hässleholms stadsbibliotek, och är en del av Barn- och utbildningsförvaltningen i Hässleholms kommun. SBC arbetar bland annat med skolbiblioteksutveckling och skolbibliotekssupport och vänder sig främst till kommunens pedagoger. SBC:s uppdrag är att vara en resurs för de kommunala skolorna och ett komplement

till de enskilda skolbibliotekens bestånd. (henta från <https://snokabibliotek.se/skola-och-f%C3%B6rskola>)

Evelina hadde skrankevakt frå halv fire til fem, så ho gjekk til skranken når det nærma seg. Skulebibliotekaren og eg blei sittande litt lenger og snakka litt saman før me gjekk ned til Evelina i skranken rundt kl 16:00, der eg takka for meg.



Bilde 13 – Delar av vaksenavdelinga i Bromölla bibliotek



Bilde 14 - Skrankeområdet i Bromölla bibliotek



Bilde 15 - Inngangen inn til barn- og ungdomsavdelinga i Bromölla bibliotek



Bilde 16 - Medskapartavla i Bromölla bibliotek. Her kan barn og unge henge opp det dei har laga i biblioteket



Bilde 17 - Barneavdelinga i Bromölla bibliotek



Bilde 18 - Delar av barne- og ungdomsavdelinga i Bromölla bibliotek

4.3 Læringsmål/observasjon



Bilde 19 - Ungdomsavdelinga i Bromölla bibliotek. Til høgre i bilde (ved borda nært vindauga) har dei gøye arrangement som t.d. After school og Teckning och måleri


Fokus: Korleis jobbar Bromölla bibliotek med makerspace?

Kulturpedagogen Caroline Graneheim har mykje ansvar for makerspace og andre slike kreative arrangement og aktivitetar i biblioteket for barn, og ho har ansvar for fleire kulturgrupper: *Teckning och måleri*, *Skriv, berätta och teckna*, *Pyssel och skapande* og *After school* (skaparhjørnet).

For vaksne har dei arrangement som *Pyssel- och hantverksträffar* der dei oppfordrar vaksne til å møte opp på biblioteket for å sitte saman å prate og drive med handarbeidet sitt.



Bilde 20 - Tavle med oversikt over arrangement og aktivitetar



vestlandfylke.no